



nve@nve.no

Vår saksbehandlar: Jørund Nygård

Klage på vedtak av 26.03.21 om endring av turbinfundament – Okla vindkraftverk

Om organisasjonane bak klaga:

Klaga er utforma av *Naturvernforbundet Sogn og Fjordane* og er tilslutta av *Sogn og Fjordane Turlag* og *Norges Jeger og Fiskeforbund Sogn og Fjordane*. Alle organisasjonane har rettsleg klageinteresse i natursaker i form av sine vedtekter.

Naturvernforbundet vil særskild nemne, og takke for møte av 16.04. Vi meiner dialogen med NVE, særleg om Bremangerlandet og Okla, dei to viktigaste pågåande sakene våre, har vore god. Saksbehandlinga av vindkraftsaker har fått mykje kritikk, både av organisasjonar, anna forvaltning og Stortinget. Vi har opplevd ei betring i praksis frå NVE si side der råka partar sine interesser vert betre høyrte og vurdert, men diverre så representerar vedtaket om turbinfundament - utan høyring og vurdering av relevante tema - eit særskild uheldig tilbakeslag. Vi oppmodnar difor NVE på det sterkaste til å rette dette opp gjennom ei grundig handsaming av innkomne klager.

Oppsummering:

Endring av turbinfundament er ei avgrensa sak i omfang. Samstundes så er det ved slike endringar, anten dei er omfattande eller ikkje, at ein må ha ei realitetsbehandling av det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget og sjå grundig om det endra prosjektet i heilskap framleis møter krava i lovverket til at det kan vidareførast. Dette er ikkje gjort.

Vi påklagar vedtaket om endring av turbinfundament på bakgrunn av at vedtaket bryt med forutsetningane i anleggskonsesjonen, forskrift om konsekvensutredning, forvaltningslova og føresetnadane bak energilova. I tillegg vil vi påpeike manglande vurderingar om moglege konsekvensar for verna vassdrag.

Klaga inneheld òg ei formell anmodning om å trekke løyvet til masseuttak i Kristianura, samt ei melding om at ein er i tett dialog med nasjonale organisasjonar om å fremme eit felles krav om trekking av vindkraftkonsesjonen.

Introduksjon:

Okla-utbygginga er ei av dei mest konfliktfylde vindkraftsakene i landet frå eit naturvernperspektiv, og bidreg i eit kraftforsyningsperspektiv med svært lite fornybar energi. Motstanden mot bygginga av anlegget lokalt har vore fredeleg, men tydeleg - der det har vore protestert ved anleggsportane kvar einaste anleggsdag, i vind, striregn og kulde.

Utbyggingsområdet er eit unikt kulturlandskap forma av tusenvis av år med beite og lyngbrenning, i samspel med eit hyperoseanisk klima. Der menneskeleg påverknad ofte forringar naturen, er Stadlandskapet eit unntak som bekreftar regelen, her er skapt eit unikt landskap som bidreg vesentleg til nasjonale klimamål gjennom karbonlagring i myr og lynghei, ved sidan å gje spektakulære naturopplevingar til både lokalbefolkning og tilreisande frå heile verda. Det er eit stort engasjement om saka blant våre medlemmar og oppfølging av saka har høg prioritet.

Om utbygger sin søknad og kunnskapsgrunnlaget

Vedtaket er fatta med kort saksbehandlingstid og bærer preg av at ein berre har vurdert informasjon direkte frå utbygger. Vi meiner NVE bør utvise større forsiktighet med å ta utbygger sine påstandar som fakta utan uavhengig dokumentasjon. Utbygger har i heile saksløpet gjort svært mangelfulle forundersøkingar. Dette er påpeika frå offentlege instansar, miljøorganisasjonar og det har generert fleire store medieoppslag. Desse manglane, som den aktuelle med manglande geologiske undersøkingar, er direkte årsak til at det vart behov for å søke om endring av turbinfundament med stort tidspress.

Utbygger forsøker å forsvare seg med at dei ikkje har hatt tilgong til området, og difor ikkje har kunne gjennomført grunnundersøkingar ved turbinpunkta tidlegare. Dette stemmer openbart ikkje, dei har hatt tilgong på området i mange år, og har plassert større installasjonar som målemast for vindforhold i området.

Sikkerhetsventilen til forvaltninga for å sikre eit forsvarleg kunnskapsgrunnlag – ei offentleg høyring – vart ikkje nytta. Det var her lagt vekt på at utbygger sin framdriftsplan ikkje hadde rom for tidsbruken som ei høyring ville medføre. Som omtalt så kan ikkje hastverk, særleg når den er sjølvpåført som her, vere eit grunnlag for å utelate høyring. Viktigheita av å involvere råka partar har heller ikkje vore vektlagt. Vi trur forøvrig ikkje avgjerda om å utelate høyring vil spare tid, tvert om ville eit grundigare vedtak fått mindre omfattande klager som forsvarleg kan behandlast på kortare tid. I tillegg ville ein i langt større grad ha sikra tillit til at NVE sine avgjerder vert gjort på uavhengig fagleg grunnlag og ikkje på ynskjer frå vindkraftaktørar – noko det har vore stilt spørsmål om frå fleire.

Adgangen til å unnlate høyring er svært avgrensa. I saka om Lutelandet vindkraftverk som OED gjennomgjekk juridisk, så fant dei at manglande høyringar ved forskjellige vedtak var saksbehandlingsfeil.

Vedtaket gjev urimeleg fordel av manglande undersøkingar

I søknaden og i NVE sitt vedtak er det lagt vekt på at det ville blitt like store inngrep og like mykje utgraving av massar ved etablering av fundament til fjell. Dette kan vi ikkje sjå er sakleg, då fundamentering til fjell forutsetter at det er geologisk mogleg og avgrensa med lausmassar. Dette var difor ei forutsetning i MTA-planen. Det er rimeleg at NVE har lagt vekt på utbygger sine opplysningar om at fundamentering til fjell var realistiske, slik som einkvar anna søkar til offentleg myndigheit om byggeløyve sjølv må undersøke om det dei vil byggje er teknisk mogleg og trygt.

Ein har utan undersøkingar antatt fordelaktige forhold for utbygger som har medverka til at konsesjon vart gjeven, og MTA-plan godkjent. No viser det seg gjennom undersøkingar at forhalda vil bety større skade på naturmangfald, større inngrep og større utslepp av klimagassar enn antatt.

Ved å likevel gje løyve til å byte til ein miljømessig verre måte å få opp turbinane på, gjev ein difor utbygger ein urimeleg fordel av å ha levert manglande og mangelfulle forundersøkingar. Dette set ein svært uheldig presedens som oppfordrar til mangelfulle konsekvensutgreiingspraksis som eit samla Storting har retta kritikk mot.

Vi kan ikkje sjå at ei manglande undersøkelse skal kunne bety at ein har tatt høgde for eit «worst case scenario» med ekstreme mengder moreneavsetningar og med oppsprukke skifer som grunnfjell, med mindre dette eksplisitt kjem fram av dei opprinnelege godkjenningane.

Manglande vurdering av konsekvensar for klimagassutslepp

Organisasjonane bak klaga har spelt inn klimaproblematikken med gravitasjonsfundament i betong og armeringsjern tidlegare, både samla og einskild. Særleg vil vi vise til høyringsinnspel frå FNF Sogn og Fjordane om endringar for Bremangerlandet vindkraftverk som ligg til behandling i NVE v/ Miljøtilsynet og e-post frå Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane av 10.02.2021. Det er difor underleg at NVE ikkje har vurdert problemstillinga i vedtaket.

Utredninga i søknaden er svært mangelfull generelt etter konsekvensutredningsforskrifta, og særleg vil ein rette fokus på klimautslepp. Det følgjer av konsekvensutredningsforskrifta § 21 at konsekvensutredninga skal identifisere og beskrive dei klimagassutslippa tiltaket medfører, noko som betyr at utslepp frå jordsmonn og betongfundamenta må identifiserast, beskrivast og kvantifiserast. Konsekvensutredningsforskrifta er Norge si implementering av minimumskrava i EIA-direktivet som er bindande gjennom EØS-avtala, og forvaltninga har difor ingen adgang til å unnlate minimumskrav som utredning av klimautslepp.

I Andmyran-saka, så var klimautslepp frå gravitasjonsfundament ein vesentleg del av OED sin argumentasjon for å oppheve NVE sitt vedtak om forlenga fristar, slik at vindkraftprosjektet ikkje kunne vidareførast. Manglande konsekvensutredning om klima, og manglande vurdering av klimautslepp i vedtaket, er i lys av dette saksbehandlingsfeil som er vesentlege.

Manglande vurdering av samfunnsrasjonalitet

Etter energilova, så kan den vektlagde fordelan "fornybar energi" i konsesjonen berre lovleg vektleggast som ein eigen fordel utover behovet for forsyningssikkerheit som eit ledd i å oppfylle internasjonale forpliktelsar knytt til klima. Det er altså omsynet til klima, ikkje «fornybar energi» i seg sjølv som er vektlagt som ein fordel her.

Endringa til store gravitasjonsfundament i betong og armeringsjern svekkar prosjektet sin klimaprofil vesentleg, ein profil som allereie er svært dårleg med store inngrep i terrengdekkande myr og karbonrike lyngheier. Vi kan med dette vedtaket ikkje lenger sjå at vektlegginga av «fornybar energi» i konsesjonen vil vere gyldig, og at dette forrykkar balansen mellom fordelar og ulempar.

Dei geologiske grunnforhalda vart ikkje forsvarleg undersøkt av tiltakshavar i samband med konsesjonsgjeving eller MTA-plan. Dette endrar forutsetningane bak vurderingane som NVE gjorde i samband med godkjenning av desse. Der inngrep med turbinplassering vart vurdert som forsvarlege, er det mogleg at dei i lys av ny kunnskap må sjåast som uforsvarlege.

I konsesjonsavvegninga er privatøkonomisk gevinst for utbygger òg sterkt vektlagt, der ein legger til grunn ein prosjektøkonomi som er særleg god. Dette er vurdert opp i mot vesentlege negative

følgjer for mellom anna friluftsliv, landskap og naturmangfald. Dersom prosjektet skulle vise seg å verte mindre lønnsamt enn først lagt til grunn, vil dette forrykke balansen mellom vektlagde fordelar og ulemper mot at ulempene vert større enn fordelane. Gravitasjonsfundamenta og tilførselen av ekstern stein som dei manglande geologiske undersøkingane medfører, er kostnadsdrivande og fører til ein mindre fordel enn forutsetnaden var.

Utbyggar har ikkje argumentert for at endringane vil ha fordelar samanlikna med opprinneleg løysing for fundamentering slik dette normalt gjennomførast der forankring i fjell er aktuelt. Det er derimot heilt sikkert at endringa vil ha negative konsekvensar for klimautslepp. Det er òg meir kostbart. Ulempene ved vedtaket er altså klart større enn fordelane og ein bryt difor med energilova sin formålsparagraf.

I forhold til opprinneleg konsesjonsvedtak, så har nedbygging av myrer generelt fått større anerkjennelse som eit problem og bør tilleggst meir vekt. Det bør òg vektleggast at Stadlandet har fått ein høgare status av å bli tatt inn på KULA-lista, (*Kulturhistoriske landskap av nasjonal betydning*) der vindkraft i utgangspunktet skal vere uaktuelt.

Det er forøvrig ikkje naudsynt å påvise at endringane samla sett vippar den samla skjønnsvurderinga om vindkraftverket vekk frå ein overvekt fordelar, sjølv om dette er truleg. Vedtaket om endring i MTA-plan er gjort med heimel i energilova og må uavhengig oppfylle krava til samfunnsrasjonalitet ift. Energilova sin formålsparagraf.

Vi meiner òg at det er feil å ikkje vurdere endringa etter naturmangfaldslova § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Utbyggar har forøvrig ikkje komme med forslag som vil kompensere eller avbøte ulempene tiltaket vil medføre.

Manglande vurdering av moglege konsekvensar for verna vassdrag og nedbørsfelt

Delar av konsesjonsområdet, inkludert aktuelle turbinplasseringar, er i nedslagsfeltet til Dalsbøvassdraget (omtalt ein del stadar som «Morkadalsvassdraget»), som er varig verna. Denne vernestatusen er både av omsyn til å hindre kraftutbygging og for å sikre det biologiske mangfaldet i vassdraget.

Ved bruk av gravitasjonsfundament må det gravast opp svært mykje lausmassar for å gje plass. Erfaringane frå utbygginga så langt, tilseier at dette vil få betydeleg avrenning ved nedbør. Vi meiner at dette ikkje er i tråd med vernet, som òg klart omfattar sjølve nedslagsfeltet.

I verneprosessen tidleg på 90-talet kjem det fram ein del om vassdraget sine spesielle kvalitetar. NINA ved Odland, A. 1991:

«Morkadalsvassdraget på Stad skiller seg markert fra de andre, og lar seg ikke gruppere sammen med andre. Vassdraget har det høyeste antall oseaniske arter av alle de undersøkte vassdragene» (Dei «undersøkte vassdraga» refererar her til samtlege vurderte vassdrag i Verneplan IV på Vestlandet)

Vassdraget har (Skogen, A. & Odland, A. 1991 - NINA) sjeldne førekomstar av elvemusling:

*Elveperlemusling (Margaritifera margaritifera)
(...) funnet her er interessant i det forekomsten representerer eneste kjente lokalitet mellom Møre og Bergenskanten. (Økland 1975)
(...)*

Muslingen er knyttet til kalkfattige elver som ikke er forurenset. Arten er en indikator på rent vann.

Anmodning om endring av konsesjonsvilkår om massetak

Den geologiske rapporten frå Kristianura med analyse frå Stenger & Ibsen Construction og Grunn-Service er sentral i saka, og representerer vesentleg ny kunnskap. Dei konkluderar:

Etter kartlegging av planlagt og omsøkt område for uttak av stein ved område «kristianura» ser vi at det er so stor mektigheit av lausmassar i området at det ikkje er mulig å ettablere massetak som planlagt. Vedlagt ligg rapport etter prøveboring som viser at det på det minste er ca 4 meter ned til fjell. Dette fører til at planlagt uttak og reetablering av massetak ikkje gir ein akseptabel effekt verken økonomisk, men framfor alt frå eit miljøperspektiv. Vi ber om at vi ettablerar dialog med NVE for å sjå på alternative løysningar som gir ein betre og meir miljøvenleg uttak av steinmasser i prosjektet.

Rapporten omtalar mengdene lausmassar – på det minste er det heile fire meter ned til fjell - som uakseptabelt miljømessig. Statusen er imidlertid at uttaket framleis er godkjent til bruk med NVE.

Vi ber om at godkjenninga til uttaket vert trekt, for å sikre at ein ikkje av moglege tidsmessige årsakar lar seg freiste til å nytte uttaket. NVE har vide fullmakter etter energilova § 3-5 fjerde og sjette ledd til å gjere endringar i eksisterande konsesjonsvilkår av omsyn til naturmangfald, landskap og klima. Det same gjeld av § 10-4.

Utbygger har meldt at dei ikkje vil nytte masseuttaket, og dermed vil ikkje denne endringa til fordel for natur og miljø ha negative økonomiske konsekvensar.

Til orientering - kommande krav om konsesjonstrekkning

Vi er i tett dialog med Naturvernforbundet sentralt og andre nasjonale organisasjonar om ei felles anmodning om trekking av konsesjon som truleg vil komme innan nokon veker. Bakgrunnen for anmodninga er manglande og feile opplysningar frå utbygger som vart lagt til grunn i konsesjonsvurderinga. Utover at det kan vere til hjelp for NVE å ta meldinga om dette til etterretning no, finn vi det ikkje rett å utdjupe argumenta for trekking ved dette høvet.

Vi vil særleg takke for at ein forskriftsmessig har utvida klagefristen på tre veker i tråd med påskeavviklinga.

Beste helsing,

Naturvernforbundet Sogn og Fjordane

v/ Anne-Line Thingnes Førsund, styreleiar

Sogn og Fjordane Turlag

v/ Ron Overdevest, leiar Naturvernutvalet

Norges Jeger og Fiskeforbund Sogn og Fjordane

v/ Alf-Erik Røyrvik, styreleiar